




Jernvilje

Av Terje Torkildsen

FØR LESING

- Boka heiter *Jernvilje*. Kva betyr det?
- Bla litt i utdraget. Titlane på kapitla i boka er skrivne med runeskrift. Alle titlane er talord. Greier du å tyde runeteikna? Kva for kapittel skal du lese?





FØR LESING

- Handlinga i boka går føre seg for 1500 år sidan, i det som vert kalla jernalderen. Det her er nokre hundre år før vikingtida byrja. Det kan vere greitt å vite litt om jernalderen før de les. No skal de dele alt de veit om jernalderen frå før. Korleis såg Noreg ut på denne tida?

- Kvifor heiter det egentleg *jernalderen*?
- Korleis såg hus, båtar og klede ut?
- Var Noreg eit land?
- Kva slags gudar trudde ein på?

FØR LESING

I *Jernvilje* møter du mange ord som vi ikkje brukar til vanleg i dag. Difor skal de gå på ordjakt! Del teksten mellom dykk i mindre delar, og arbeid i grupper. Bruk ordbokene.no til å finne forklaring på kva ordet betyr, og skriv dette inn i ei felles ordliste. Hugs å skrive ei forklaring som du sjølv forstår. Nokre ord treng du [Store norske leksikon](http://Store.norsk.leksikon.no) for å finne forklaring på.

MEDAN VI LES

The background is a dark, textured image, possibly a book cover or a photograph, featuring a woman with long, dark hair. There are faint, blue dotted circles overlaid on the image, one around the woman's head and another around her torso. The overall tone is dark and atmospheric.

Vi tek nokre stopp i lesinga og oppsummerer. Då skal vi fortelje om det som har hendt, og det vi lurar på, og vi seier litt om det som kanskje kan skje vidare i forteljinga.

ETTER VI HAR LESE



1. Vilje har aldri vore inne i eit hus tidlegare, og mykje er nytt for han. Det er mange uskrivne reglar han ikkje forstår. Kan du finne eksempel på dette?
2. Vilje og hovdingsonen Jarl liknar på kvarandre, men det er likevel mange ulikskapar. Kva får du vite om Jarl i dette utdraget. Korleis er han samanlikna med Vilje?
3. Vilje har eit fødselsmerke som liknar på ein jerv, på brystet. Søk opp litt informasjon om jerven. På kva måte liknar Vilje på ein jerv?
4. Mot slutten av utdraget må Vilje ta eit val: Anten må han fortelje sanninga om kven han er, eller så må han gi seg ut for å vere Jarl og håpe at ingen avslører han. Kva ville du gjort, og kvifor?

ETTER VI HAR LESE

- Bruk dei runeteikna du har tydd i overskriftene, til å skrive:
 - RISSE
 - ÅRE
 - FARE
 - MUSIKK
- Søk etter ei oversikt over runeteikn på internett, og bruk ho til å skrive namnet ditt.
- Nokre av teikna liknar på våre bokstavar. Kvifor er det slik, trur du?

SKRIVEOPPDRAAG

SKRIV EIT HELTEDIKT

Skaldar var diktarar som ofte skreiv heltedikt for å hylle store krigarar og kongar. Tenk deg at du er skald på storgarden Hove, og overtydd om at Vilje faktisk *er* hovdingsonen Jarl som har kome tilbake frå Valhall etter eit dramatisk slag mot fienden Ormvakr digre. Skriv eit heltedikt som hyllar den modige Jarl!

SKRIVEOPPDAG 2

LAG EI LOKAL SKILDRING FRÅ JERNALDEREN

Handlinga i boka *Jernvilje* går føre seg i nærleiken av Sira i Agder fylke. Forfattaren har funne inspirasjon frå jernalderhistoria, og ekte stadar som Hove, Eik og Steinberg kan ein sjå att i boka. No skal du gjere det same med heimstaden din.

- Snakk litt saman og finn ut kva de veit om livet på heimstaden din i jernalderen. Var dette eit sentrum? Har ein funne storgardar i området? Korleis kom ein seg til og frå denne staden i jernalderen?
- Sjå for deg korleis eit liv kunne sett ut på heimstaden din i jernalderen. Dikt opp ein person som bur i dette området, og fortel:
 - Kva lever denne personen av?
 - Kor mange andre bur på den same staden?
 - Kven er hovding i dette området, og kvar bur hovdingen?
 - Finst det fiendar i området?